

## NORSK BOKSAMLING GRUNNLAGD AV ANTON AURE

Ved

SIGMUND SKARD, Oslo

**D**Å DEN NORSKE BOKSAMLAREN og bibliografen Anton Aure døydde i 1924, i sin beste manndomsalder, stod han uppe i mange tiltak. Samlingane hans av nynorsk litteratur auka stendig; og sjølv samlaryrket hadde etter hand ført honom inn på større bibliografiske arbeid. Han var langt på veg med 3. bandet av si «Nynorsk Boklista»; han hadde byrja ei vid gjennomgåing av eldre avisor til registrering av alt som kom målstrid og folkeminne ved; han hadde gjort mykje av fyrearbeidet til ein bibliografi yver dei vanskelege gamle viseprent; ei stor samling bio-bibliografiske data bygd på spursmålsskjema tok sikte på inkje mindre enn eit nynorsk forfattarleksikon. — Det var Aures ynske då sjukdomen rådde med honom, at desse samlingane, og arbeidsoppgåvone med deim, skulde gå i arv til ein offentleg institusjon som kunde føra vidare det han sjølv laut gå ifrå. Dette ynsket hev no gjenge i oppfylling.

Det norske Samlaget, sentralinstitusjonen for det litterære målreisingsarbeidet, hadde i Aures siste leveår fenge forkjøpsrett til alt han let etter seg; i 1925 kjøpte det samlingane hans, — for kr. 8,000, som i stor mun vart skaffa til vegar ved innsamling millom bondeungdom. Ved avtale av 29. juni 1925 (prenta i Universitetsbibliotekets årsberetning 1924—25, s. 28) vart samlingane deponerte på Universitetsbiblioteket i Oslo som ei sjølvstendig deild, under namnet «Norsk Boksamling, grunnlagd av Anton Aure»; biblioteket yvertok vedlikehald og tilsyn, mot full bruksrett i huset. Stortinget løyvde same året kr. 5,000 til oppstilling, innbinding og konservering.